



Etter hendinga på Askøy er det sterkt fokus på reint drikkevatn med god og rett vassbehandling frå inntaket til vasskrana i heimen.

Folkehelseinstituttet har invitert personar frå heile landet til å delta i ei spørjegransking om samanhengen mellom drikkevatn og magesjuka. Truleg har mellom 10 og 15 personar i Uskedalen takka ja til å vera med i dette forskingsprosjektet. Ein gong i månaden svarar deltakarane på eit elektronisk spørjeskjema på E-post. Spørjegranskinga går over 12 månader.

Drikkevasstudie omfattar berre personar som mottek vatn frå eit vassverk som forsyner minst 20 husstandar. Dei med mindre private vassverk eller brunn, er ikkje med i studien. Spørsmåla på SMS handlar om kor mykje vatn du har drukke det siste døgeret og om du har merka symptom på magesjuka som diare eller oppkast. Dersom du svarar ja på magesjuka, får du tilleggsspørsmål.

Målet med undersøkinga er å henta inn kunnskap om kor mange som evt. vert sjuke av drikkevatnet. Etter hendinga på Askøy er det sterkt fokus på reint drikkevatn. Dette vert gjort for å førebyggja og hindra sjukdomsutbrot kvart år.



Uskedal Vassverk hentar overflatevatn frå Eikeelva før det vert ført inn i eit vassbehandlingsanlegg på Sørstølen på Eik.

Styreleiar i Uskedal Vassverk, Hans Reidar Kjærland, er merksam på drikkevasstudien. Han er faktisk ein av fleire frå Uskedalen som er plukka ut som deltakar. Både dei lokal og nasjonale resultata er venta å vera ferdige i 2020.

Det er frivillig å delta og du kan når som helst sei nei til å svara på spørsmåla.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal